



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2018/2019

15. november 2018

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer.

Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose som oppdaterer forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2013-17	Tilgang 2017	Prognose 2018	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	182 000	148 700	82 000	45 %	55 %
Førkveite	161 000	236 300	45 000	28 %	19 %
Kveite i alt	343 000	385 000	127 000	37 %	33 %
Matrug	23 000	21 100	3 000	13 %	14 %
Førrug/rugkveite	15 000	29 400	6 000	40 %	20 %
Rug i alt	38 000	50 500	9 000	24 %	18 %
Bygg	520 000	545 500	382 000	73 %	70 %
Havre	272 000	270 000	144 000	53 %	53 %
Korn totalt	1 173 000	1 251 000	662 000	56 %	53 %
Erter	3 000	3 800	5 000	167 %	132 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	10 300	7 000	70 %	68 %
Korn, erter, oljefrø	1 186 000	1 265 100	674 000	57 %	53 %
Matandel kveite	53 %	39 %	65 %		
Matandel rug	61 %	42 %	33 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er 30 000 tonn høgare enn prognosert i september.

Spørjeundersøking om leveringsmønster

Normalt gir novemberprognosen, basert på korn som er avrekna for landet til og med oktober og jamført med situasjonen på tilsvarende tidspunkt tidlegare år, betre presisjon enn dei første sesongprognosane. Den ekstraordinære vekstsesongen, med mellom anna låge avlingar av svært tørt og lagringsdyktig korn, kunne legge til rette for sterkare avvik enn normalt i leveringsmønsteret frå kornbøndene og gjer at denne metoden kan vere meir usikker i inneverande sesong. Norske Felleskjøp har difor gjennomført ei spørjeundersøking til kornprodusentane om leveringsmønster i sesongen. Vi har spurt om total kornmengde og kor mykje av dette som var på lager pr. 1. november. Undersøkinga gjekk ut til meir enn 9 000 produsentar og i overkant av 3 000 har svart. Samla sett viser undersøkinga at det er relativt små endringar i leveringsmønsteret i forhold til tidlegare år.

Oppdatering av septemberprognosen

I samband med denne prognosen, har vi oppdatert arealgrunnlaget i septemberprognosen med data frå søknadar om produksjonstilskott. Denne oppdateringa supplerer analysen av leveringsmønsteret som grunnlag for prognosen.

Datauttrekket gir justeringar av arealfordelinga, men ingen store endringar. NFK legg til grunn at det vil vere korrekt å korrigere areal med arealtilskott korn for areal hausta som grovfôr, sidan det vart opna for at det kunne søkjast om produksjonstilskott korn også for dette.

Tala frå arealsøknadane viser at det er ein samla nedgang i kornarealet på 68 000 dekar i forhold til 2017 i tillegg til at om lag 88 000 dekar er anslått som ikkje treska for levering av korn. I august- og septemberprognosen vart det lagt til grunn uendra totalareal.

Oppdateringa gir berre ein mindre nedgang i total tilgang, jamfør tabell under.


Tilgang

Kvantum frå septemberprognosen er under presentert saman med resultatata frå dei to alternativa måtane å estimere tilgangen på nytt.

Det er svake sider ved begge dei to måtane som er omtalt over for å vurdere avlinga på nytt. Norske Felleskjøp har lagt til grunn gjennomsnittet av resultatet frå dei to metodane:


	September	Sep. rev.	Undersøking	Prognose
Matkveite	75 000	77 000	87 000	82 000
Fôrkveite	41 000	41 000	49 000	45 000
Kveite i alt	116 000	118 000	136 000	127 000
Matrug	5 400	5 000	2 000	3 000
Fôrrug/rugkveite	6 600	6 000	5 000	6 000
Rug i alt	12 000	11 000	7 000	9 000
Bygg	370 000	357 000	407 000	382 000
Havre	136 000	129 000	158 000	144 000
Korn totalt	634 000	615 000	708 000	662 000
Erter	6 000	6 000	3 000	5 000
Oljefrø, åkerbønner	4 000	6 000	7 000	7 000
Korn, erter, oljefrø	644 000	627 000	718 000	674 000

Prognosen indikerer at det er langt mindre korn igjen på lager enn normalt, men at andelen som er levert pr. oktober har gått ned, men avvik ikkje vesentleg frå det normale:



Hygienisk kvalitet

Det er lite DON i norsk korn i år. Figuren viser utviklinga for det mest utsette kornslaget havre, der andelen prøver med mindre DON enn deteksjonsgrensa på 750 µg/kg, har auka og er i år over 90 %:



Kvalitet og fordeling av matkveiten

Proteininnholdet er svært høgt i årets matkveite. Landbruksdirektoratet har gitt data for proteininnhold i korn som er avrekna pr. veke 44. Resultatet er svært likt det som vart presentert i september og viser historisk høgt proteininnhold:

Protein% matkveite	
Klasse 1	15,8 %
Klasse 2	16,0 %
Klasse 3	15,1 %
Klasse 4	14,5 %
Klasse 5	13,4 %
Snitt	15,1 %

NIBIO, Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og oppsummert viser analysane følgjande:

- Den norske kveiten er i 2018 proteinrik, med sterk gluten og høgt falltal.
- Bakekvaliteten er god, men den nye avlinga må handterast separat pga. sterkt avvikande kvalitetar i forhold til fjoråret.

Det er lagt til grunn at tilgjengeleg matkveite vil bli brukt i perioden fram til ny avling er fasa inn i sesongen 2019/2020.

Under er vist forventa fordeling av tilgangen av matkveiten denne sesongen mellom ulike proteinklasser i korn som er avrekna pr. medio november:

Klassefordeling

Prognose sesong 2018-2019					
	Fordeling nytt korn 2018	Matkveite 2018-avling	Overlagra etter 2017/18	Fordeling inkl overlagring	Tilgang 2018/19 (tonn)
Klasse 1	30 %	24 312	-	20 %	24 312
Klasse 2	7 %	5 431	-	5 %	5 431
Klasse 3	43 %	35 450	-	30 %	35 450
Klasse 4	8 %	6 504	36 600	36 %	43 104
Klasse 5	13 %	10 302	-	9 %	10 302
I alt	100 %	81 999	36 600	100 %	118 599

Overlagra haustkveite (klasse 4) frå sesongen 2017/2018 supplerer fordelinga av proteinkvalitetar i inneverande sesong.

Det er sådd store areal haustkorn i år, som legg grunnlaget for stor andel klasse 4 og 5 hausten 2019, dersom overvintringa blir brukbar.

Fordeling av tilgangen

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra for marknadsreguleringa si rekning, til ulike formål:

Kornbalanse (tonn)	Kveite, mat			Kveite, før				
	Rug, mat	Matkorn		Rug, før	Bygg	Havre	Førkorn	
Overlagra	36 600	0	36 600	11 000	2 200	37 486	0	50 686
Fortrengt karbo juli-aug '18				2 000		8 000	2 000	12 000
+Ny avling	82 000	3 000	85 000	45 000	6 000	382 000	144 000	577 000
+Innmeldt 1. april 2019	0	0	0	0	0	0	0	0
=Tilgang	118 600	3 000	121 600	58 000	8 200	427 486	146 000	639 686
Mat/før	0	0	0	0	0	-3 400	-10 000	-13 400
=Tilgang netto	118 600	3 000	121 600	58 000	8 200	424 086	136 000	626 286

Forbruksprognose

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med oktober 2018. I prognosen er det lagt til grunn trendutviklinga i dei tre siste sesongane.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	275 376	22 032	3 410	35 666	336 484
Prognose 18/19	274 400	22 800	3 400	38 900	339 500

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i 2018 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg. I 3. kvartal er det registrert ein vekst på 8 % i salet av kraftfôr til drøvtyggarar i forhold til året før og det er lagt til grunn at forbruket av kraftfôr vil stige noko meir ut over vinteren og våren. Det er lagt inn 10 % auke i omsetninga av kraftfôr til drøvtyggarar i perioden 4. kvartal 2018 til og med 2. kvartal 2019 som følgje av grovfôrsituasjonen i store delar av husdyrområda.

Forventa produksjon i perioden oktober 2018 – september 2019 framgår av tabellen:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19*	1 126 000	492 000	452 000	17 000	2 087 000
Endring	6,9 %	0,9 %	1,6 %	1,5 %	4,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Norsk havre etter sesongen 2018 er sært lett og tilfredsstillar ikkje kvalitetskrava til matmjølmøllene. Det er gjort tillempingar i kvalitetskrava, men det vil likevel vere behov for betydeleg import av grynnavre.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduisert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	274 400	22 800	3 400	38 900	339 500
Norsk matkorn	118 600	3 000	3 400	10 000	135 000
Underdekning matkorn	155 800	19 800	0	28 900	204 500

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 40 % i sesongen.

Forslag om importkvote for matkorn

Ved tildeling av kvote for supplerende import av matkorn til redusert toll, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventet importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november. Om nødvendig blir det opna for ny prognose og kvotefordeling i mars.

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt sist kjende periode. Dette tilseier følgjande kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2018 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	205 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 500
Suppleringsimport inklusive MUL-import	203 500
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 163 000
- Tildelt importkvote i august	-80 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Forslag til importkvote med administrert toll	83 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Ved tildeling av kvote for supplerende import av karbohydratråvarer til redusert toll, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventet importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november. Om nødvendig blir det opna for ny prognose og kvotefordeling i mars.

Andel karbohydrat i kraftfôr har falle over lang tid først og fremst til fordel for proteinråvarer. Kornsesongen 2018 har gitt korn med svært høgt proteininnhald. Dette reduserer behovet for import av proteinråvarer og gir høgare andel karbohydratråvarer. I prognosen er lagt til grunn 71,3 % karbohydrat i kraftfôret denne sesongen. Dette er 1 %-poeng over trend.

Dette gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Forbruk		
Kraftførsal	2 087 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	71,3 %	
Behov karbohydratråvarer		1 488 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		60 000
Karbohydratråvarer eksklusiv kli		1 428 000
Tilgang norsk førkorn	626 286 tonn	
Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn		-620 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt		808 000

*) Svinn 1,0 %

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 43 %. Av totalt kraftfôr utgjør norsk korn 30 %.

Avtalte importkvotar

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2018 – 7.11.2018 er det importert 7 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land og det er gitt lisensar for import av 17 000 tonn for perioden 7.11.2018 - 24.04.2019.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri rørsuktermelasse til dyrefôr pr. år. Maiskvoten frå EU blir utvida med 5 000 tonn frå 01.10.2018. Denne auken er fasa inn i utrekninga av tollkvoter med 4 583 tonn for inneverande kvoteår.

Norske Felleskjøp legg til grunn at desse kvotane vil bli utnytta fullt ut og reduserer behovet for import med administrert toll.

Minimums import av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel ein del import av råvarer, mellom anna til produksjon av kraftfôr. Norske Felleskjøp har gjennom rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 sett rammer for minimums import av visse råvarer. I inneverande sesong tilseier prognosen for tilgangen av norsk korn at importbehovet blir vesentleg høgare enn minste suppleringsbehov.

Forslag om importkvote for fôrkorn

Norske Felleskjøp foreslår utlegging av følgende importkvote for karbohydratråvarer ved auksjonen i november.

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2018 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	808 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-24 583
- Kvote for roemelasse - GSP	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	-800
Suppleringsimport inklusive MUL-import	742 617
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 594 000
- Tildelt importkvote i august	-317 000
- MUL; import august-november og lisensar november-april	-25 000
Forslag til importkvote med administrert toll	252 000

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventta import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Importbehovet er estimert som følgjer:

Importbehov oljefrø 2018/2019	
Forbruk til kraftfôr	11 000
- Tilgang norsk oljefrø	-4 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov	8 400

Basert på historisk forbruk og prognosert tilgang, har bransjen følgjande behov for suppleringsimport:

Prognosert suppleringsimport oljefrø, november 2018 (tonn)	
Importbehov oljefrø	8 000
- Tildelt importkvote i august	-5 000
Korrigert importbehov	3 000
- Forventa nulltollimport utviklingsland 2015/16	0
Forslag til importkvote med administrert toll	3 000

VEDLEGG

Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/rugkveite
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 664	236 336	385 000	21 064	29 436	50 500
16. august	79 000	43 000	122 000	7 000	4 000	11 000
12. september	75 000	41 000	116 000	5 000	7 000	12 000
Prognose	82 000	45 000	127 000	3 000	6 000	9 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rugkveite ¹⁾
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312	869
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	545 500	270 000	1 251 000	3 825	10 300	17 058
16. august	373 000	140 000	646 000	6 000	6 000	
12. september	370 000	136 000	634 000	6 000	4 000	
Prognose	382 000	144 000	662 000	5 000	7 000	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

¹⁾ Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose

Arealutvikling

Arealfordeling 2013 - 2018 (dekar)							Av dette til grovfôr	Endring frå 2017
	2013	2014	2015	2016	2017	2018		
Haustkveite	91 327	205 474	375 711	114 213	302 794	98 800	200	-204 000
Vårkveite	456 404	585 034	480 096	552 434	453 771	485 200	16 300	31 400
Kveite	547 731	790 508	855 807	666 647	756 565	584 000	16 500	-172 600
Rug, rugkveite	30 095	60 846	104 104	45 460	83 628	32 800	-	-50 800
Bygg	1 587 177	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 468 900	38 300	127 300
Havre	684 556	714 966	629 935	758 377	672 555	691 500	31 100	18 900
Korn	2 849 559	2 825 937	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 777 200	85 900	-77 200
Oljefrø	34 613	40 999	34 707	41 301	23 002	32 200	2 000	9 200
Korn/oljevekstar	2 884 172	2 866 936	2 850 037	2 878 952	2 877 381	2 809 400	87 900	-68 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.

Presisjonsnivå i prognosane

Erfart presisjonsnivå i prognosane for ulike tidspunkt i siste femårsperioden er vist under. Det er usikkert om prognosen pr. november i år vil vere like treffsikker for tilgangen av norsk korn. Også prognosen for sal av kraftfôr er krevjande i år:

Avvik mellom prognoserte og registrerte kvanta 2013-17				
		August-prognose	November-prognose	Mai-prognose
		Snitt abs.verdi	Snitt abs.verdi	Snitt abs.verdi
Tilgang	Kveite	14 %	1 %	1 %
	Bygg	11 %	3 %	0 %
	Havre	8 %	2 %	0 %
	Korn	9 %	2 %	0 %
Forbruk	Drøv	2 %	3 %	1 %
	Svin	1 %	1 %	1 %
	Fjørfe	6 %	6 %	1 %
	Kraftfôr	1 %	1 %	0 %
Forbruk	Matkveite	2 %	1 %	1 %
	Grynhavre	6 %	8 %	7 %
	Matkorn	2 %	1 %	1 %